



**Til helga er skulemusikken i Uskedalen og Rosendal invitert til vera med i eit spennande og nyskapande prosjekt på Stord, som Langeland skulekorps arrangerer.**

**Fem sørafrikanske instruktørar skal halde helgeseminar om afrikansk musikk og bevegelse, slik det er i afrikanske Field Band.**

Dei fem er dette året elevar ved Toneheim Folkehøgskule som ledd i utvekslingsprogrammet Bands Crossing Borders. Ein av musikantane i Langeland, Elisabeth Nonås Fylkesnes, har vore to gonger

i Sør-Afrika i samband med programmet. Opplegget på Stord blir runda av med ein annleis korpskonsert med afrikanske rytmer, bevegelsar og musikk i Stord Sportssenter søndag og det bør også vera noko for kvinnheringane.

Det var eit liknande opplegg på Askøy i vinterferien i fjor og det vart ein kjempesuksess med mykje mediaomtale. Når ein veit kor mange skulekorps det er i dette distriktet, er det ekstra kjekt at 'våre' to korps er inviterte til å delta.

På biletet eit glimt frå arrangementet Hot'n Funky på Askøy i fjor.

(Foto: Thor Inge Døssland)